

**Referat styringsgruppemøte prosjekt «Mat og opplevingar i fjellet»****Dato:** 09.12.22**Tidspunkt:** 10:00 – 1100**Møtestad:** Teams-møte**Deltakarar:**

Anne Skaug Nisi, Vestfold og Telemark fylkeskommune
Nina Glomsrud Saxrud, Statsforvaltaren Oslo og Viken
Anniken Fægri Damm-Larsen, Innovasjon Norge, Telemark og Vestfold
Kristin Orlund, Landbruk- og matdepartementet
Marit Nerol, Nerol Gard
Kari Randen, Fjellnettverket
Elin Halland Simensen, Fjellnettverket

Forfall:

Maren Solvang Johnsen, Sjøberg Gard
Olav Røssum, Fjellnettverket

Referent:

Elin Halland Simensen, Fjellnettverket

Møtet vart leia av Kari Randen og starta med ei presentasjonsrunde.

SAKLISTE

A. INNKALLING OG REFERAT	2
SAK 15/22: INNKALLING OG SAKLISTE	2
<i>Vedtak sak 15/21:</i>	2
SAK 16/22: GODKJENNING AV REFERAT	2
<i>Vedtak sak 16/22:</i>	2
B. ORIENTERINGSSAKAR	2
SAK 17/22 ORIENTERING OM STATUS	2
<i>Vedtak sak 17/22:</i>	3
SAK 18/22 ØKONOMISTATUS	3
<i>Vedtak sak 18/22:</i>	4
SAK 19/22 AKTIVITETSPLAN 2. PROSJEKTÅR	4
<i>Vedtak sak 19/22:</i>	4
C. VEDTAKSSAKAR	5
SAK 20/22 BUDSJETT	5
<i>Vedtak sak 20/22:</i>	5
D. EVENTUELT	5
SAK 21/22 ORIENTERING OM IGW 2023	5
<i>Vedtak sak 21/22:</i>	6



A. INNKALLING OG REFERAT

SAK 15/22: INNKALLING OG SAKLISTE

VEDTAK SAK 15/21:

Styringsgruppa godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 16/22: GODKJENNING AV REFERAT

- Referat frå styringsgruppemøtet 26.08.22 vart lagt fram for styringsgruppa.
-

VEDTAK SAK 16/22:

Referat frå møtet 26.8.22 godkjennast av styringsgruppa.

B. ORIENTERINGSSAKAR

SAK 17/22 ORIENTERING OM STATUS

Arbeidet med andre prosjektår er godt i gang. Prosjektleiari orienterte om status for arbeidet og kommande aktivitetar.

Rapporten "Mat og opplevingar i fjellet - berekraftig bruk av lokale ressursar i landbruk og reiseliv"

Rapporten om berekraftig bruk av lokale ressursar i landbruk og reiseliv vart presentert på Fjellkonferansen på Gaustablikk i september. Forskarane Hanne Sickel og Bjørn Egil Flø frå Nibio la fram innhald og funn i arbeidet.

Rapporten er ei samstilling av eksisterande kunnskap om korleis reiselivsaktiviteter og matproduksjon, basert på lokale ressursar i fjellet, påverkar berekraft og klima. Rapporten tar for seg dei tre berekraftsdimensjonane knytt til tre hovudtema; 1) beiting, biologisk mangfald og karbon, 2) Sjølvforsyning og matsikkerheit og 3) Reiseliv, landbruk og lokale ressursar.

Rapporten er ein av dei store leveransane i prosjektet og resultatane frå rapporten legg grunnlaget for vidare arbeidet med prosjektet.

For å formidle resultatane frå rapporten ut til fleire enn dei som deltok på Fjellkonferansen vart det lagt opp til ei webinarrekke med tre webinar der forskarane kunne gå djupare inn i problemstillingane og deltakarane kunne stille spørsmål.

Det fyrste webinarret handla om berekraft og kvifor fjellområda treng ein eigen rapport om . Foredragshaldarar var Sebastian Eiter frå Nibio og Kari Randen frå Fjellnettverket.

I det andre webinarret gjekk foredragshaldarane djupare inn i temaa reiseliv og arealkonfliktar. Foredragshaldarar var Bjørn Egil Flø frå Nibio og Anders Bryn frå UiO.

Det siste webinarret handla om beiting, beiteressursar og produkt frå fjellet. Foredragshaldarar var Hanne Sickel og Yngve Rekdal, begge frå Nibio.



Det var god påmelding til kvart av webinarane og opptak av foredraga er lagt ut på heimesidene til Fjellnettverket.

Utviklingsverkstad i Telemark

Det er planlagt utviklingsverkstad i Telemark 10. januar. Verkstaden er lagt til Straand hotel i Vrådal og er eit dagsarrangement. Temaet for verkstaden er berekraft, og deltakarane skal jobbe med problemstillingane: "Kan berekraft gjere bedrifta meir lønsam" og Korleis kommunisere berekraft og tilhørighet til fjellet". Målet for verkstaden er at deltakarane skal få hjelp til å kome vidare i utviklingsarbeidet knytt til berekraft.

Til verkstaden inviterast produsentar av mat og opplevingar frå Telemark. Verkstaden arrangerast i samarbeid med Næringshagen i Telemark.

Det er planar for eit tilsvarande arrangement i Viken.

Webinar og digitale kaffimøte

Etter nyttår startar prosjektet opp med webinar og digitale kaffimøte om aktuelle tema. Det planleggast eit webinar og eit nettverksmøte kvar månad fram til sommaren. Prosjektet har frå førre prosjektår gode erfaringar med å arrangere webinar og digitale nettverksmøte for verksemdene i prosjektet. Det leggast opp til ein fast dag og eit fast tidspunkt for møta kvar månad.

"Heimeservering" Fjellheim-prosjektet

Invitasjon til å vere med å teste ut ordninga med heimeservering er sendt ut. I invitasjonen er det lagt vekt på at dei som vil vere med å teste ut ordninga må vere gardsbruk som aller helst driv eigen produksjon av lokalmat. Det er lagt vekt på at deltakarane må vere klare til å starte opp arbeide med å bli "Fjellheim-bedrift" allereie i januar.

Landbrukskontora i kommunane, kontaktpersonar i fylkeskommunane, bonde- og småbrukarlag, bondelag og kontaktpersonar i medlemskommunane i Fjellnettverket har bidratt i arbeidet med å dele informasjon om prøveordninga.

Responser frå deltakarar som har vil vere med i prøveprosjektet er langt større enn forventa. Alle dei interesserte blir kontakta og det blir valt ut 2-3 gardsbruk frå kvart fylke til å vere med vidare i prøveprosjektet. Det er planlagt oppstartsmøte og samling for deltakarane i prøveordninga rett over nyttår.

VEDTAK SAK 17/22:

- Styringsgruppa tar saka til orientering.
-

SAK 18/22 ØKONOMISTATUS

Økonomistatus for prosjektet vart lagt fram i møtet.

Hausten er ei hektisk tid for produsentane. Prosjektet har tatt omsyn til dette og det er gjennomført få fysiske møteplassar og aktivitetar frå august og fram til nyttår.



Prosjektet har eit budsjett på 2.500 000 for andre prosjektår og status per 1.12.22 visar eit forbruk på kr 767 675.

VEDTAK SAK 18/22:

Styringsgruppa tar økonomistatus per 1.12.22 til orientering.

SAK 19/22 AKTIVITETSPLAN 2. PROSJEKTÅR

Forslag til aktivitetsplan for våren vart lagt fram i møtet.

Det leggst opp til ei rekke aktivitetar i alle delprosjekta i andre prosjektår. Størst aktivitet blir det i delprosjekt Fjellmat og Fjelltur og delprosjekt Fjellheim.

For å sikre at dei planlagde aktivitetane passar for så mange som mogeleg, leggst det vekt på å tilpasse tidspunkta for aktivitetane til når produsentane har rolegare periodar. I praksis viser dette seg i at det er færre aktivitetar på hausten og fleire på vinteren og tidleg på våren.

- Aktivitetar andre prosjektår:
 - Oppstart testing av heimeserveringsordninga.
 - Møter, samlingar og oppfølging av verksemdene
 - Rettleiing og kurs
 - Besøk hos verksemdene
 - Gjere ordninga kjent, marknadsføring
 - To fysiske fellessamlingar:
 - Nettverkssamling på Nutheim, denne fyrste samlinga vart gjennomført i september i samband med Fjellkonferansen i Telemark.
 - Nettverkssamling for verksemdene som skal delta i prøveordninga med heimeservering. Samlinga er planlagt gjennomført i januar.
 - Utviklingsverkstadar
 - Verkstaden i Telemark blir 10 januar på Straand hotell i Vrådal.
 - Verkstaden i Viken gjennomførast i løpet av januar/februar.
 - Ekstra utviklingsverkstad for verksemdene i Innlandet. Det vart gjennomført ein pilotverkstad i Valdres i april i 2022, med god deltaking frå verksemder i Valdresområdet. For å gjere det lettare for verksemdene frå gamle "Hedmark" å delta planleggjast det å leggje ein utviklingsverkstad til området Gudbrandsdalen / Østerdalen.
 - Månadlege webinar med aktuelle tema og foredragshaldarar
 - Månadlege nettverksmøter med deltakarane i prosjektet.
-

VEDTAK SAK 19/22:

Styringsgruppa tar aktivitetsplan for 2. prosjektår til orientering.



C. VEDTAKSSAKAR

SAK 20/22 BUDSJETT

I prosjektsøknaden er det budsjettert med fleire fysiske nettverkssamlingar for verksemdene i løpet av andre prosjektår.

Sidan oppstart av prosjektet i 2020 har det skjedd store endringar i bruk av digitale hjelpemiddel til møter og samlingar. Erfaringane frå arbeidet så langt er at dei aller fleste no handterer dette godt, og at det difor ikkje er like stort behov for å møtast fysisk som da prosjektet starta opp. Mange produsentar opplev at kvardagen er meir kravande enn før og har blitt meir tydelege på at fysiske møte er kostbart med tanke på tap av produksjonstid og meirkostnadar ved innleie av avløyser eller anna produksjonshjelp.

For å imøtekomme tilbakemeldingane og endringar i behova hos deltakarane la prosjektleiar fram eit justert budsjett der ein foreslår å redusere talet på fellessamlingar og i staden legg til rette for fleire webinar og digitale nettverksmøte. Forslaget medfører at posten reisekostnadar for prosjektleiar og overnatting og reiser for deltakarane i prosjektet reduserast, og at posten for innkjøp av tenester aukast.

Budsjettjusteringa er drøfta med fylkeskommunane i samarbeidsmøte 8. desember.

Viken fylkeskommune og Vestfold og Telemark fylkeskommune støtta forslaget til justering og ynskte at nytt budsjett sendast fylkeskommunane for justering i regionalforvaltning.

Innlandet fylkeskommune ynsker at det sendast eit brev til fylkeskommunen med søknad om justering av budsjettet.

Forslag til nytt budsjett med noter ligg ved referatet (vedlegg 1).

VEDTAK SAK 20/22:

Styringsgruppa godkjenner forslag til nytt budsjett.

D. EVENTUELT

SAK 21/22 ORIENTERING OM IGW 2023

Kristin Orlund frå Landbruks og matdepartementet orienterte om gjennomføringa av IGW for 2023.

Nytt i 2023 er at IGW gjennomførast med to deltakarregionar. Regionane som deltar er Trøndelag og Fjord Noreg. Landbruks- og matdepartementet og Innovasjon Noreg vil i staden for å arrangere regiondag i Berlin legge lage ei samling i Noreg. Arrangementet blir lagt til anten Trøndelag eller Fjord Noreg.



FJELLNETTVERKET

Alle regionane blir invitert til å delta på arrangementet og målet er å bli betre til å utveksle erfaringar.

VEDTAK SAK 21/22:

Styringsgruppa tar informasjonen til orientering.

Neste møte i styringsgruppa er 15.3.22.

Tidspunkt: 10.00 - 11.30

Møtet blir på teams.